



Hordaland fylkeskommune  
Fylkeskonservatoren  
Pb 7900  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/653 - 17/3144

Saksbehandlar:  
Eirik Bouwer Utne  
eirik.utne@meland.kommune.no

17.02.2017

## Søknad om stønad til innlegging av prioriterte kulturminne i Askeladden - KIK 2017

Viser til utlysing av tilskot for kulturminneplanarbeid i Hordaland, dagsett 6.2.2017. Kulturminneplan for Meland kommune er under utarbeiding, og ein arbeider for tida med digitalisering av registrerte kulturminne. Ferdig plan er stipulert til hausten 2017. Prosjektet vart starta i 2014, med godkjent planprogram året etter. Ein har nytta tida til å sørge for rett og tenleg metodebruk, samla informasjon, utveksla erfaringar med andre kommunar og gjort eit større digitaliseringsarbeid. Dette skal fortsetje fram mot sommaren, før prosess mot endeleg godkjenning skal skje til hausten.

Innlegging i Askeladden er eit stort arbeid, der det har vist seg utfordrande å finne ein effektiv metode som samsvarar med måten databasen er bygd opp og ønskjer informasjon inn. I planarbeidet i Meland har ein no funne ein svært effektiv, tenleg og fagleg god metode for å handsame registreringane, men som ikkje fullt samsvarar med det ein oppfattar vert krevd av effektiv innlegging i Askeladden. Det er derfor ønskjeleg med stønad til dette arbeidet, slik at ein kan setje av arbeidsressurs på 4 veker til dette. Arbeidet vil verte utført i etterkant av endeleg godkjenning av plan, og samsvarar med arbeidsopplegget i planprogrammet.

Tiltaket vil ha ein kostnad på kr 60 000 inkludert sosiale kostnadar, og vil ved tilslag på søknad verte finansiert med kr 50 000 i tilskot og kr 10 000 i eigendel.

Arbeidet vil skje i samarbeid med kommunar i delregionen, som er i gang med tilsvarande planarbeid. Det er eit omfattande samarbeid på dette om metodebruk, prioriteringar i arbeidet og bruk av digitale verktøy.

Meland kommune ønskjer med dette brev å søkje om kr 50 000 i tilskot, etter punkt 2 i utlysinga frå HFK.

Med helsing

Eirik Bouwer Utne  
leiar kultur

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Elizabeth Warren

Hordaland  
fylkeskommune

5020

BERGEN

**Mottakere:**

Hordaland fylkeskommune

Fylkeskonservator 5020  
en

BERGEN